



God sommer!



Utgjeve av Sogndal kyrkjelege fellesråd

Redaktør: Hallgeir Øgaard Westli

Besøksadresse:
Stedjetunet, 2. etasje
Kyrkjevegen 6
6856 Sogndal

Bladpengar, gjerne kr. 400, kan betalast til Sogndal kyrkjelydsblad sin konto 3705.19.42087.
Merk: «Bladpengar»

Postadresse:
Sogndal kyrkjelydsblad,
Postboks 180, 6851 Sogndal

Telefon kyrkjekontoret:
57 67 99 85
e-post: post.sogndal@kyrkja.no

Heimeside:
www.sogndal.kyrkja.no

Grafisk:
printfarm.no

Kyrkjelydsbladet blir sendt til heimane i alle sokn i Sogndal kommune. Det er også mogleg å tinga bladet for dei som bur utanfor sokna bladet vert distribuert til.

Neste nummer av kyrkjelydsbladet kjem ut i midten av september. Stoff kan sendast til post.sogndal@kyrkja.no innan 23. august.

Foto på framsida:

Stort bilete: Sprell Levande gudsteneste i Stedje kyrkje. Foto: Cristina Sandor

Lite bilete venstre: Misjonsgudsteneste med gjestetalar Bjørn Lauritzen og koret Elkana i Stedje kyrkje. Foto: Birte Husum

Lite bilete høgre: Epletreet utanfor Stedjetunet i full blomst.
Foto: Birte Husum

ANDAKT

Tru er ferskvare

Guds kjærleik går ikkje ut på dato.

Jesus gav livet sitt for oss. Det hende i år 30. Fredag den 15. nisan etter den jødiske månekalenderen. Den dagen markerer vi på langfredag kvart år, på ulike datoar for å vera i takt med månefasane. No er det 2000 år sidan. Men Jesus sin kjærleik forandrar seg ikkje. Jesus elsker oss like sterkt i dag som då han ofra livet sitt. Jesus tilgjev kvar den som trur på han, og forsonar oss med Gud. Jesus sin død på krossen er eit anker som aldri rustar opp.

Jesus stod opp frå dei døde 17. nisan i år 30. På den datoen sigra han over døden si makt. Men hendinga i den tomme grava går ikkje ut på dato. Jesus deler sigeren over døden med alle som trur, sjølv om det har gått 2000 år.

Jesus døydde på krossen og stod opp frå dei døde. Dei to hendingane er som eit kraftig anker. Det rustar ikkje sjølv om det har lege der i 2000 år. Guds kjærleik til oss menneske går ikkje ut på dato.

Å tru er å halde fast i ankeret Jesus. Men trua vår er ferskvare. Kvar einaste dag må vi sjekka at vi er godt festa i ankeret. Trua vår endrar seg heile tida. Ho vert påverka av korleis vi har det, om vi er friske eller sjuke, om vi er åleine, eller om

vi er i lag med andre. Då du var liten, hadde du ei barnetru. I tenåra stiller vi spørsmål. I 20-årsalderen flyttar mange på seg. I 40-årsalderen er trua annleis enn då vi var fire år gamle eller då vi var konfirmantar. Så trua er ferskvare. Lat Den heilage ande gje trua di nye impulsar. Bibelen er komen i ny omsetjing. Les og sjå om du oppdagar nye vinklingar. Be til Gud for det som du er oppteken av i dag. Oppsøk kyrkja og nattverden.

Å tru på Gud er å ha tillit til Gud. Livet endrar seg. Men ta vare på tilliten til Gud. Som eit lite barn kan du krypa opp i fanget til Gud, sjølv om du har fylt sytti år.

Jesus brukte eit lite barn som førebilete på korleis det er å tru. Han sa: **«Den som ikkje tek imot Guds rike slik som eit lite barn, skal ikkje koma inn i det.»** (Mark 10, 15) Det ordet las dei du vart døypt. Då vart du knytt fast i ankeret Jesus. Du skal ikkje forakta barnetrua di. Ta vare på alt du lærte om Jesus då du var liten og då du var konfirmant. Men hugs at tru er ferskvare. Lat trua veksa og utvikla seg. Sjekk at du er godt festa i ankeret Jesus i dag og kvar einaste dag.

For tru er ferskvare.

Kjetil Netland
Sokneprest, Balestrand

Har du stoff og bilete til kyrkjelydsbladet?

Sjå våre nettsider, www.sogndal.kyrkja.no/kyrkjelydsblad for korleis du kan sende stoff til oss. Der ligg kalendar med dei neste fire stofffristane.

For 2024 er det to utgåver til:

Haut – Frist: 23. august

Jul – Frist: 1. november

KYRKJELYDSTUR TIL VEITASTROND

Velkomen til kyrkjelydstur for vaksne frå alle sokn fredag 2. august. Vi reiser kl. 09.00 frå skystasjonen i Sogndal, møt seinast kl. 8.45. Vi er attende innan kl. 17.

I år tek bussen oss til Luster og til Veitastrond. Ifølge Store norske leksikon vert bygda nemnd som ei rasutsett, stor landbruksbygd som ligg ved Jostedalen nasjonalpark og er trua av fråflytting. Vi vil nok oppdaga mykje meir av Veitastrond enn dette når vi tek av garde med Aud Marit Hilleren som lokal guide!

Vi kan vente oss mange spennande historier og glimt, gode og hyggelege stopp på turen!

Det vert middag på Tungestølen, og høve til å handle lokale produkt på turen. Ta med ein ekstra sekk med det du elles måtte ha behov for på ein dag på tur.

Det vert ordna skyss med bil opp til sjølve Tungestølen for dei som treng det. Sei ifrå når du melder deg på, og eventuelle behov i høve diett.

Påmeldingsfrist er 30. juni til kyrkjekontoret, tlf. 57 67 99 85. Vi satsar på plass i bussen til maks 50 personar, så ikkje vent for lenge med påmeldinga!

Turen kostar kr. 600,-



Veitastrond.

Foto: Jan-Tore Egge // Wikimedia

SORGARBEID OG TILBOD OM SORGGRUPPE

Kyrkja i Sogndal legg til rette for sorgarbeid gjennom heile året i form av ein-til-ein-samtaler. Dei som ynskjer det tek kontakt med soknediakon direkte eller til kyrkjekontoret. Tilbodet er gratis.

I tillegg har det gjennom mange år vore lagt til rette for sorggrupper, og det er gledeleg at det har vorte lågare terskel for å melde seg på til dette tilbodet!

Dei som har vore med i sorggruppe tidlegare seier at «det er viktig med slikt fellesskap og godt å kunne prate om sorga med andre som kjenner på det same». «Det har vore fint å snakka om det vonde med andre som kan forstå».

Til hausten, mogleg i september, vert det starta ny gruppe under føresetnad av nok påmelde, det vil seie minimum 5 personar. Du kan melde di interesse eller stille uforpliktande spørsmål til soknediakon Gitte, tlf. 974 16 519. Startdato for sorggruppa vert publisert på heimesida til kyrkja; www.sogndal.kyrkja.no.

Sorggruppa vert leia av soknediakon Gitte Th.Torstad og Bente Karin Vatlestad. Samlingane held til på kyrkjekontoret i 2.etasje.

Gitte Therkelsen Torstad

Tekst

HELING FOR SOMMAREN

Velsign for meg, Gud,
jorda under føtene mine.
Velsign stien eg går på.
Velsign menneska eg møter.
Gud, gje velsigning i livet mitt.

(Omsett frå «Kvar dag Kvar natt»,
keltiske bønner, J.P.Newell).



Nytt frå fellesrådet

Nye e-postadresser for tilsette på kyrkjekontoret

Frå 24. mai har alle tilsette i kyrkja i Sogndal fått nye epost-adresser. Alle dei nye adressene sluttar på @kyrkja.no.

Endringa skuldast at alle tilsette på kyrkjekontoret frå 24. mai er over på ei dataløysing frå Den norske kyrkja sin eigen IKT-leverandør, Kirkepartner. Målet er å samle alle kyrkjeleg tilsette på same plattform og løysinga vert også brukt av kyrkja sentralt og bispedømekontora.

Når du skal sende e-post til nokon i kyrkja i Sogndal, kan du framleis nå oss ved å bruke **dei same e-postadressene som du har brukt tidlegare**; alle adresser som sluttar på @sogndal.kyrkja.no. Men når du no får post frå nokon av oss i kyrkja, vil det stå ei anna avsendaradresse enn tidlegare, ei adresse som sluttar på @kyrkja.no.

Døme: Der underteikna tidlegare hadde adressa jostein.risa@sogndal.kyrkja.no, er ny adresse jr296@

kyrkja.no. Du kan bruke begge desse adressene til å sende e-post til meg, men jr296@kyrkja.no vil stå som avsendar når eg sender e-post.

MERK: Det har i vår vore åtvare om «svindel-e-postar» som gav seg ut å vere frå tilsette i kyrkja i Sogndal, men du kan vere trygg på at dersom avsendaradressa sluttar på «@kyrkja.no», så kjem meldinga frå oss.

Ny generell adresse til fellesrådet og kyrkjekontoret er post.sogndal@kyrkja.no.

Meirforbruk i rekneskapan for Sogndal kyrkjelege fellesråd

Fellesrådet sin reviderte driftsrekneskap for 2023 viste eit netto driftsresultat på kroner -1 225 000 og eit meirforbruk på kroner - 687 000. Fellesrådet dekkjer delar av meirforbruket ved bruk av driftsfond på kroner 303.000. Fellesrådet har då nytta

alle frie midlar og det står att kroner 384 000 av meirforbruket som må dekkast inn i laupet av to år. Hovudforklaringa til meirforbruket er ein stor auke i pensjonskostnadane og fellesrådet har sendt søknad til kommunen om eit eingongstilskot på kroner 350 000 for å dekke inn noko av den ekstraordinære auken.

Meirforbruket i 2023 har også fått konsekvensar for driftsbudsjettet for 2024 . I ein nyleg budsjett-revisjon måtte fellesrådet stryke vedlikehalds-arbeid på kyrkjene på 200.000,-, til dømes, fordi desse midlane ikkje lenger fanst på disposisjonsfond som budsjettert. Fellesrådet jobbar vidare med økonomiplan for fireårsperioden 2025-2028, som også inkluderer planlagde investeringar.

Utvidinga av gravplassen på Stedje

Slutføring av prosjektet med gravplassutvidinga på Stedje har drege ut over fleire år av ulike grunnar, men no ser vi enden og ser fram til å kunne ta gravplassen i bruk (utan at vi torer å seie nokon dato). I tillegg til namna minnelund som har vore omtala tidlegare, og nye kistegravfelt, vil ein for fyrste gong i Sogndal få eigne felt til urnegraver – dette er graver på 1,5 x 1,5 meter med plass til opp til fire urner og eigen gravstein.

Steinmurane som var sett opp ved dei nye vasspostane var ikkje av ynskt kvalitet og arbeidet med å skifte ut desse er godt i gang i skrivande stund. Det same gjeld fullføring av minnesmerket på namna minnelund der det stod att å legge steinheller på bakken.

Når det ligg føre kommunal ferdigattest skal det nye gravplassarealet godkjennast av statsforvalteren før det kan takast i bruk. Gravplasslova seier

vidare i § 5 at «Tros- og livssynssamfunn som er virk-somme på stedet, skal gis anledning til å gjennomføre en seremoni når en ny gravplass tas i bruk [...]».

Bygging av nytt kyrkjegardsbygg og kyrkjestove på Kaupanger er i gang!

Når du les dette skal arbeidet med nytt kyrkjegardsbygg og kyrkjestove på Kaupanger vere sett i gang! Etter mange rundar og forseinkingar er vi no svært glade for å kunne melde at arbeidet vart sett i gang i juni, og kyrkjegardsbygget er heilt stengt av frå då. Det vert vist til tidlegare artiklar og teikningar som har stått på trykk i kyrkjelydsbladet. Det er kommunen som har stått for utlysinga og det var Nordbohus Sogn AS som fekk kontrakten på arbeidet. Arbeidet skal vere slutført i laupet av våren 2025. Sjølve rivinga av eksisterande bygg startar i byrjinga av august og når anleggsperioden startar, må Kaupanger stavkyrkje takast heilt ut av bruk., Dermed vert olsokgudstenesta måndag 29. juli kl.19.30 den siste gudstenesta i år. Fortidsminneforeningen har også vurdert det som for vanskeleg å drive omvisarverksemd frå juni, mellom anna fordi dei manglar eit lokalt bygg som base for guidane. Kyrkja vil berre verte opna ein dag i august for tre vigslar som var avtala frå før, men då utan straum i kyrkja. Les meir om dette og Kaupanger sokneråd sitt spennande arbeid med alternative gudstenestestader på Kaupanger ein annan stad i bladet.

Jostein Risa

Fungerande kyrkjeverje

Hallgeir Øgaard Westli

Foto



Refleksjonar etter 39 års presteteneste

Når Kjetil Netland sluttar av til sommaren, har han vore sokneprest i Balestrand sidan 2015. Etter presteteneste i Sunnfjord, Nordfjord og Sogn kjenner han både folk og kyrkje i tidlegare Sogn og Fjordane godt, og deler gjerne erfaringar og synspunkt med lesarane av kyrkjelydsbladet.

Det er ein lys maikveld me møtest inne på Ese. Kjetil er friluftsmann og me slår oss til på terrassen på gammal slektsgrunn. Det var her mor hans vaks opp, og mange somrar var fanabuen på sommarferie nett her. No har han og Rut Solveig overteke småbruket, og med fem barn kan dei no telja fire barnebarn.

Teologi

Det var på Misjonshøgskulen i Stavanger han tok teologi. Som ei fortsetjing på modninga som byrja med konfirmasjonen, leita Kjetil opp det kristne fellesskapet og var aktiv i gospelkoret i Storetveit menighet: Han var òg med i skulelaget på Langhaugen gymnas og var på kristenruss-turné etter endt vidaregåande. Han har og vore eittåring i NKSS (skulelaget) i Nord-Noreg med stasjon i Alta. Slik fekk trua veksa, og det mogna seg fram eit ønskje om å få trengja djupare inn i teologien.

Kjetil fortel at studiet forma han for ettertida. Stadig vender han attende til bibelfaga. I preikeførebuinga er dei hebraiske og greske tekstane berebjelkar, slik at tekstutlegginga, eksegesen, kan vera tru mot Skrifta.

At reformatorane, med Martin Luther i spissen, fann attende til at frelsa er av nåde, er ein grunnstein i den lutherske truslæra

eller dogmatikken. Og Luther var sterkt prega av Augustin, som levde på 300-talet, dermed er ein attende til oldkyrkja. Kyrkja har djupe og sterke røter.

Misjonær

I perioden 1988-1989 var Kjetil og Rut Solveig på misjonsoppdrag i Mali i Vest-Afrika. Når han tenkjer attende på tida i Mali, festar han seg særleg med kor godt dei vart tekne imot og kor høflege dei var. Var det dåp, møtte imamen opp – det gjorde han for å visa respekt – sjølv om det ikkje var i hans interesse at kristentrua skulle breia seg ut. Den gongen levde muslimen, animisten og den kristne i same landsby i fred med einannan – i motsetnad til uroa som er der no.

Presteteneste

I 2012 gjekk kyrkja i Noreg over frå å vera statskyrkje til å bli eit sjølvstendig trussamfunn. Dette skiftet meiner Kjetil at ikkje var uventa. Innvandringa til Noreg skaut fart på 60- og 70-talet, og i motsetnad til tidlegare tider er det no mange som ikkje har kristen bakgrunn i landet vårt. I dag reknar ein det gjerne som spesielt at det var fyrsten som avgjorde kva tru som skulle gjelda, men tidlegare høyrde det til vanleg statsforståing. Gjennomføringa av reformasjonen i Danmark-Noreg i 1537 var det såleis kong Christian III som sto for.

Men statskyrkja har nådd ut til det breie lag av folket. Og nett dette er det viktig at Den norske kyrkja framleis strekkjer seg etter; å kalla seg ei folkekyrkja er eit program.

Her i Sogn er det ti mellomalderkyrkjer – fem stavkyrkjer og fem steinkyrkjer. Då Kjetil var i Lærdal, hadde dei òg gudstenester i Borgund stavkyrke i mellomaldertradisjon. Slik kan ein levandegjere vår heimlege trustradisjon og sjå at den framleis er relevant.

Sant nok har nokre meldt seg ut fordi dei meiner kyrkja er for veik i møte med sekulariseringa, medan andre grunngir utmeldinga med at kyrkja er for konservativ.

Bibelen - ei levande bok

Samtalen rettar seg etter kvart inn mot Bibelen som Guds ord. Forkynnaroppgåva må takast på alvor – det skal vere relevante og levande ord. At me framleis kan gripa tak i ein tretusen år gammal salme, Salme 23, er fantasisk. Og dei ti boda er grunnpilarar i kristen etikk og viktige samfunnssøyle.

Bibelen lett å lesa

For nokre år sidan vart Kjetil engasjert i bibelomsetjingsarbeidet til Bibelselskapet via «Bibelen lett å lesa», ei nyomsetjing frå gresk. Det er ei fullverdig



Kjetil har konfirmantundervising i friluft. Denne gongen er det dåpen som er tema.
Foto: Kyrkjekontoret

omsetjing, der ein unngår komplisert setningsstruktur og finn ord som er lettare å lesa, men utan å forenkla innhaldet. I likninga i Lukas 15 om sauene som vart attfunnen står det slik: «Eg seier dykk: Slik er det når ein som bryt med Guds vilje, snur om på livet sitt. Då blir det glede i himmelen!» Motivasjonen til å leggja ned tid og krefter i dette, er at lange og snirklete setningar, som er eit hinder for bibelbruken, skal gjerast forståelege.

Kyrkjelyden i Balestrand

Balestrand sokn er eitt av seks sokn i Sogndal kommune, kvart med sitt særpreg. Kva kjenneteiknar kristenlivet i Balestrand sokn? Kjetil er glad for at folkekyrkja fungerer her. Det er ein levande

kyrkjelyd der bedehusrørsla og Misjonssambandet står sterkt. Bygda er òg tydeleg fleirkulturell, noko han ser på som ein rikdom. Når preikeliste for kyrkja og møteplan for bedehuset blir sett opp, er det samarbeid slik at ein unngår kollisjonar; det er verdfullt. Og han strekar under at for den som er prest i Balestrand, er samarbeid viktig og at medarbeidarar, tilsette og frivillige, må takast vare på.

Tid for tru

Audun Systad, tidlegare sokneprest i Balestrand, var initiativtakar til samlingane «Tid for tru». Der har ein hatt fokus på bibelundervising, og til kvart tema har det gjerne vore fire-fem samlingar. Normalt har «Tid for tru» vore på bedehuset, som ligg

sentralt til i Holmen. Av tema kan nemnast: Markusevangeliet, Matteusevangeliet, dei fem kvinnene i Jesu ættetavle og Martin Luther og reformasjonen. Her har Kjetil lagt ned eit stort arbeid med å tilretteleggja til dels krevjande stoff, og oppmøtet har gjerne vore rundt 30.

Ikkje noko ønskje om å slutta

Når kvelden etter kvart kjølnar, og me går innomhus for å avslutte samtalen, seier Kjetil at han skulle ønskt at han kunne fortsetje i prestestillinga i Balestrand. Men med behandling kvar veke for beinmargskreft, er det ikkje mogleg å kombinere det med arbeid. Når det er sagt, er han svært takksam for den gode oppfølginga han får og for at me har eit helsevesen med eit dyktig personell.

I gudstenesta i Tjugum kyrkje søndag 30. juni kl.11.00 vil det verte ei markering med takk til Kjetil Netland for tida som sokneprest i Balestrand. Alle er også velkomne til kyrkjekaffi på Kviknes Hotel etter gudstenesta.

Helge Eilifsen
Tekst

Med vemod pakkar Andreas flyttelasset

Etter ni år som ungdoms- og studentprest er det med vemod Andreas Danbolt og familien flyttar frå Sogndal, og heim att til Toten som han flytta frå for 18 år sidan.



– Vemod er kanskje litt sterkt ord. Me gler oss til Toten, men me trivst veldig godt i Sogndal òg. Mest truleg vert det flytting, men eit prøveår i første omgang, så heile flyttelasset er ikkje med heller. Me tek eit prøveår og så får me sjå, men me har ikkje lyst til å reisa. Vilkårer er at alle må trivast godt for at me skal verta verande, seier Andreas Danbolt.

– Sogndal har vore ein fantastisk arbeidsplass, og me har eigentleg ikkje lyst til å reisa. Difor har eg søkt om permisjon for eit år.

Far hans døydde for nokre år sidan.

– Småbruket er litt for stort for mamma åleine å

ha ansvaret for. Ingen av syskena mine er interesserte, seier Andreas, som no har fått eit vikariat som sokneprest på Biri.

Store endringar

Først skal han vera med og avvikla sommaren i prostiet, før han skal ut i foreldrepermisjon på deltid utover vinteren.

Kona Renate er førskulelærer. Ho har hatt alle studieåra sine i Sogndal frå vidaregåande skule til studiet på Høgskulen, og har òg sterke band til saftbygda. No er ho ute i permisjon.

Andreas seier det har vore ni gode år som prest i Sogndal, og det er flotte bygder han har fått koma på innsida av.

– Her er så mykje initiativ og kultur. På dei ni åra har Andreas opplevd store endringar i saftbygda.
– Då eg flytte hit, hadde folk epletre i hagen. No har dei hus i hagane, men eg forstår at fortetting må til.

Ski og klatring

Før han kom til Sogndal som ungdomsprest, arbeidde han som frivillig i ulike organisasjonar, mellom anna i speidaren, Det Norske Misjonsselskap og vore tilsett som tilsett som ungdomsarbeidar i Fjell kyrkjelyd utanfor Bergen.
– Eg var her mykje då eg var i Bergen, og fekk meg eit nettverk her før eg søkte meg hit. Eg er glad i ski og klatring, og då var det naturleg å reisa hit.
– Då eg såg dei søkte etter ungdomsprest i Sogndal, var eg ikkje sein om å søkja. Heldigvis fekk eg stillinga sjølv om det var eitt år til eg var ferdig med prestestudiet.

Spennande

– Eg trivst med å arbeida med ungdom. Å følgja dei unge gjennom konfirmantåret og verta kjende med dei er spennande. Eg opplever at me som kyrkje absolutt har noko å gje dei, og dei kjenner dei vert tekne godt imot.

Det er ikkje berre konfirmantane Andreas møter. Ein dag i veka sit Andreas i Høgskule-kantina med presteskjorte, og arbeider på pc. Studentane skal ikkje tvila på kvifor han sit der.

– *Korleis er det å arbeida inn mot studentar?*

– Opp gjennom åra har det vore mange og gode samtalar. Det kan vera studentar som har opplevd tap eller møter utfordringar. Me snakkar om alt frå studiet til tru, og eg opplever det som særskjelt gjevande.

Det er ei glede å sjå eit aktivt studentlag med vekentlege samlingar veksa fram på høgskulen og mange engasjerte studentar.

Gjevande

Som prest for konfirmantane er det mykje å halda styr på og administrera.

– Dei siste to åra har eg vore heldig å ha hatt Anita Instefjord som sekretær i konfirmantarbeidet, og det har gjeve meg meir tid til vanlege prestetenester som gudstenester og gravferder. Eg har fått reisa rundt, og føler eg kjenner Sogn prosti godt.

– *Kva har kyrkja å gje unge menneske i 2024?*

– Ikkje minst er kyrkja ein fellesskap der Gud sjølv er saman med oss. Det er det primære sett frå mi side, at Kyrkja er ein fellesskap der Gud sjølv er saman med oss. Det gjer at me kan sjå livet i eit anna lys enn ut frå prestasjonane våre. Alle



er velkomne. Her kan me vera saman om tru og spørsmål rundt trua og livet.

Er unike

– *Du har gjort teneste i eit distrikt med uvanleg mange kyrkjer. Kva kyrkje tykkjer du er finast?*

– Eg har ingen favoritt. Kvart kyrkjebygg er unikt - Kaupanger som har stavkyrkje, og dei steinbygde kyrkjene i Leikanger og Dale, som vitnar som at her har kristentrua vore i hundrevis av år. Samstundes har me Farnes kyrkje, den einaste arbeidskyrkja. Bygget inviterer til ein måte å vera saman på når det gjeld aktivitetar. Eg er òg vorte glad i Fjærland kyrkje der dei kan dekkja til langbord i midtgangen og byr på pizza, kaffi og kaker. Det gjer noko med samhaldet.

Kaupanger har ei flott kyrkje, men ho skulle ha vore større og meir funksjonell. Det ville vera flott å få sitja rundt eit bord i Stedje kyrkje. Kyrkjene står i bygdene på ein god måte. Eg håpar folk får eigarskap til kyrkjene slik dei er og bruker dei. Alle kyrkjene har si historie. Kyrkja står ikkje åleine, men er ein del av bygda. Det er flott, avsluttar Andreas Danbolt.

Sigrid Svartefoss

Tekst

Hallgeir Øgaard Westli

Foto

Endeleg vert det nytt kyrkjegardsbygg på Kaupanger!

Sommaren 2024 startar arbeidet med å rive det gamle og setje opp nytt kyrkjegardsbygg ved Kaupanger stavkyrkje. Det nye bygget vil ha to delar, der den eine delen vil vere ei kyrkjestove, altså eit lite forsamlingslokale som kan nyttast til kyrkjekaffi, trusopplæring, soknerådsmøte mm.



Den delen som vil kome nærast kyrkja, der det gamle bygget står i dag, vil mellom anna innehalde toalett, sakristi og bårerom. I vår var det henta inn anbod ved kommunen som leier prosjektet, og arbeidet med bygget er alt i gang.

Under den mest hektiske byggjeperioden med riving og bygging, frå 1. august og fram til våren 2025, må me dessverre stenge Kaupanger stavkyrkje heilt, av omsyn til byggjearbeida og

infrastrukturen knytt til byggjeprojektet. Det einaste unntaket er ein laurdag i august, der det allereie var planlagt fleire vigslar. Utan tilgjenge til kyrkjegardsbygget vert det ikkje turistguiding ved Fortidsminneforeningen i sommar.

Kaupanger sokneråd og administrasjonen i Kyrkja i Sogndal har starta arbeidet å finne gode alternativ for lokale der ein kan ha gudstenester på Kaupanger

medan stavkyrkja er stengd. Her kan det nemnast at både Bedehuset, Sogn folkemuseum og «Vite meir»-senteret er blant dei aktuelle. Då vil me naturlegvis legge til rette for dåp på desse gudstenestene.

Så vil det også bli eit tett samarbeid med Stedje kyrkje, då til dømes gravferder truleg stort sett vil gå føre seg med seremoni i Stedje kyrkje og jordfesting på Kaupanger kyrkjegard eller Kaupanger



gravlund. Med sein Helgetorsdag (Kristi Himmelfartsdag) på slutten av mai 2025, kan vi i alle fall vone at alt er klart til å gjennomføre konfirmasjonar i stavkyrkja til våren.


- Me er leie oss for ulempene det medfører for kyrkjelyden i Kaupanger sokn at stavkyrkja vert stengd ein periode, men så ventar det oss eit flott og nyttig bygg, når byggeperioden er over og me kan opne kyrkja igjen, seier koordinerande sokneprest i Sogndal, Vegard Bondevik Lie.

Kyrkja i Sogndal
Tekst

LJB Arkitektkontor
Illustrasjonar



Samtalegudstjeneste i Fjærland kyrkje



Søndag 28. april var det samlet mellom 50 og 60 personer i Fjærland kirke til samtalegudstjeneste og dåp.

Ungdomsprest Andreas Danbolt tok oss gjennom tiden med konfirmantene det siste året og konfirmantene, Erlend Mundal Skjelten og Eskil Tufte, deltok

aktivt i gudstjenesten. Vi fikk blant annet dramatisert historien om Rufus og de 4 B-ene.

Dåpsbarnet, Emilie Foss, så ut til å være godt fornøyd med å være midtpunktet i dåpen og skinte som en sol foran de fremmøtte i kirken. Måtte hell og lykke følge henne videre i livet.

Etter gudstjeneste hadde vi kirkekaffe med pizza, marsipankake og brus for å feire konfirmantene.

Marit Henningsen
Tekst og foto

Gøril Resaland Skeide
Foto av dåpsfølge

Dugnad i Fjærland

29. april var det dugnad i Fjærland kirke, og tross litt ruskevær var det 16 fantastiske ildsjeler som dukket opp og pyntet opp i og rundt kirken.

Alle benkeputene, teppet i alterringen, golvtepper i midtgangen og våpenhuset ble støvsugd. Det ble og tørket støv av alle benkene, lampene, veggene, prekestolen, ovnene under benkene og rundt omkring der de kom til.

Vindu ble pusset, ute og inne. De pussa messing og gulvet fikk seg en omgang med moppen.

Ute ble plenen raket og hekken klipt. Det ble etterfylt med jord der det trengtes. Grusgangene ble rensket og de hvite benkene ble satt ut og vasket, klare for de som vil komme og ta seg en hvil ved kirkeveggen.


Etter alt dette ble det en velfortjent kvelds i kirken, med ferske rundstykker, kake og kaffe. Godt jobbet folkens, all ære til dere som stiller opp og holder kirken vår fin og ren.

Sigrun Irene Lidal/ Marit Henningsen

Tekst

Sigrun Irene Lidal

Foto



Kyrkjekaffi i ombygd fjøs



Andre påskedag, 1. april 2024, var det høgtids-gudsteneste i Fjærland kyrkje. Ei fin gudsteneste, med den komande soknepresten vår, Astrid Bondevik. Etter preika, minnst me dei som var døde frå påske året før, og fram til no.

Ein god del frammøtte til gudstenesta var det, og det hadde si årsak i at det var ein del tilreisande som samlast i kyrkja, før dei skulle feira ein 80-årsdag. Det hadde seg nemleg slik at Brita Distad Frækaland hadde rund dag 31. mars. Ho har slekt rundt om i Sogn, og no samlast dei for å feira syster og syskenbarn.

Brita har tidlegare vore mykje med i kristent ungdomsarbeid i bygdi. Mange år leia ho barne-misjon. Medlem i soknerådet har ho også vore i mange år. Sameleis har ho vore medlem i styret for Bedehuset i årevis, og skrive bok om misjonen i Fjærland. No er ho byrja å læra damer i bygdi til

å veva, både flatvev og oppstadvev. Til det har fått med seg ei dugande, utflytt dama, Anne Britt Berge Lotsberg. Ho bur i Nordfjord og driv eigi vevstove.

Sidan garden no er leigd vekk og fjøsen er tom for fe, kom ideen om å bruka den til vev-atelier. Men fyrst ville Brita og mannen Tor feira 80-års dagen, med kyrkjekaffi med slekt og vener. Flotte greier. Mellom 80 og 90 personar møtte fram, til fin stund med gode kaker og kaffi, song og musikk, og talar. Tusen takk for eit kjekt tiltak.

Nils Skeide
Tekst og foto





Barnas



Fargelegg!



Slik såg Johannes for seg den nye himmel og den nye jord.


Teikning: Kari Sortland

Vitsar

– Kelner! Fluga i suppa mobbar meg!
– Ja. Det er ei ertesuppe.

– Hunden min har lært seg å snakke! Det er heilt sant!
– Eg veit det. Bikkja mi fortalde det i går.

Prikk til prikk



Teikn ein strek frå 1 til 2 og så vidare. Kva skjuler seg her?

Gje barnebladet Barnas til eit barn du er glad i!



Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00



Finne fem feil

Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila i biletet under?



Teikning: Alessandro Coppola og Salvatore Callerami



Trusopplæringstiltak i sokna våre sommar og haust 2024

Fjærland, Kaupanger, Leikanger, Norum og Stedje sokn.

Babysong for 0-åringar

Kaupanger bedehus og Stedjetunet har babysong annakvar onsdag, medan Leikanger kyrkjelydshus har babysong annakvar torsdag.

Oppstart frå 28.8. (Stedje), 29.8. (Leikanger) og 4.9. (Kaupanger). Resten av haustdatoane vert kunngjort på heimesida, i Kva skjer-appen og på Facebook-gruppa Babysong i Sogndal.



Foto: Bo Mathisen/Dnk

Småttrolltrall for 1-3-åringar

Me møtest kvar tredje torsdag frå 22.8, på Stedjetunet kl. 17.15 til 18.15 for song, regler, leik, kjeks og frukt. Ta gjerne med familien. Datoane kjem på heimesida og i Kva skjer-appen.



Foto: Pixabay

6-årsbok og arbeidshefte:

16. juni kl. 12.00 i Fjærland kyrkje: blomstergudsteneste, der borna er inviterte til blomsterplukking og song frå kl. 11.30. (seksårsbok og arbeidshefte)

Skulestartgudstenester:

- **Stedje 18. august kl. 11.00** (Bok og arbeidshefte)
- **Leikanger 18. august kl. 17.00** (Arbeidshefte)
- **Kaupanger 25.8. kl. 11.00.** (Bok og arbeidshefte. Konfirmantane blir også presentert for kyrkjelyden).

Velkomen innom kyrkjekontoret, om du ikkje har fått boka di i 2023!



4-årsbøkene blir delt ut på hausttakkefestane

- Fjærland kyrkje: søndag 22.9. kl. 11:00
- Kaupanger stavkyrkje: søndag 22.9 kl. 11:00
- Leikanger kyrkje: søndag 29.9. kl. 17:00
- Ølmheim kyrkje: søndag 29.9. kl. 11:00
- Stedje kyrkje: søndag 29.9. kl. 11:00



Sprell Levande gudsteneste der 5-åringane blir særskilt inviterte er også til hausten. Følg med på nettsida vår.

(illustrasjonar Pixabay.com)



LysVaken

10 år: Kyrkjekino blir i år laurdag 9. november.
11-12 år: Lys vaken blir 9. – 10. november.

11-årsbøker: I vinter delte kyrkjelydane ut «BIBELN, ei vandring gjennom den store forteljinga» til 11-åringane.

Har du ikkje fått boka, er du hjarteleg velkomen innom kyrkjekontoret for å hente den.

Følg med på heimesidene våre for meir info om alt! www.sogndal.kyrkja.no/ Born-og-unge



VIL DU SOM VAKSEN BIDRA MED NOKO I TRUSOPPLÆRINGA?

Konkrete ting du kan gjere:

- Bake bollar.
- Vere tilstades som ein trygg vaksen person.
- Leie samlingar eller grupper. Til dømes søndagsskule, samtalegruppe for tweens, konfirmantar eller eldre ungdommar.
- Komme med gode idear på ting me kan gjere for barn og unge i kyrkjelydane våre.
- Bidra praktisk på babysong, småttrolltrall, engleverkstad, tårnagent, lys vaken eller anna.

Det er eit givande og fint arbeid, og me ynskjer at fleire kan få ta del i denne delen av å vere kyrkje i Guds rike.

Gje ein lyd til leiar i trusopplæringa, Birte Husum, om du har lyst til å vere med, eller har spørsmål når det gjeld trusopplæringa i Fjærland, Kaupanger, Norum, Leikanger eller Stedje sokn.

Tlf. 947 98 799 eller e-post: birte.husum@sogndal.kyrkja.no
(Foto: Bo Mathisen/Dnk)



For meir informasjon om ulike trusopplæringstiltak i kyrkjene våre, sjå www.sogndal.kyrkja.no/ TOL. Du finn oss og på Facebook: Kyrkja i Sogndal og Trusopplæring – Kyrkja i Sogndal.

Trusopplæringstiltak i sokna våre sommar og haust 2024

i Balestrand sokn.



SommerTreff Sygna (13-16 år) 24.-28. juni

Går du på ungdomsskolen eller i 7. klasse? Då er du hjarteleg velkommen på Sommertreff i Balestrand. Dette er ein leir med god undervising og mange kjekke aktivitetar. For meir informasjon og påmelding: sygna.no/meny/sommertreff. Har du spørsmål, kontakt Marta: mleodo@nlm.no

Babysong/småbarnstreff (0-3 år):

Velkommen til song og prat på Helsestasjonen kl 10.00-11.30 ca ein måndag i månaden. Første samling i haust er **1. september**. Følg

med på Facebook-gruppa *Balestrand babysong* eller ta kontakt med kyrkjelydspedagogen (466 97 476) om du er interessert eller har spørsmål.



Søndag 22. september er det Hausttakkegudsteneste i Tjugum. Ta med heile familien og gjerne ei lita skål eller korg med frukt, grøn-saker, blomar eller anna som borna kan bere fram til altaret. Du som fyller **4 år** i 2024 er spesielt velkommen og vil få utdelt ei fin 4-årsbok. Du vil også bli invitert til ei lita samling tidlegare same veke.

Velkommen på Nestenåring (5.-8. klasse) til leik, undervising, mat, spel og samtale. Vi samlast på **Bedehuset kl 18-20 fredag** 6/9, 27/9, 25/10 og 29/11. 5. klassingane særskilt inviterte og får Teikneseribibelen i gåve.



Alle som går på ungdomsskolen er hjarteleg velkomne på **Samtalegruppe** annakvar onsdag **kl. 20.00-21.30** heime hos familien Risa i Fjærestad 42. Vi et saman, pratar om liv og tru, utforskar Bibelen, spelar spel og blir betre kjende med Gud og kvarandre.



Alle som startar i 1. klasse hausten 2024, sjå her! De er inviterte til 6-årssamling i Kyrkjestova **onsdag 21. august** og gudsteneste i Tjugum med utdeling av Barnebibel **søndag 25. august**. Invitasjon kjem i posten i løpet av ferien.

I tillegg til trusopplæringstiltaka arrangerer frivillige lag og organisasjonar mange gode og kjekke aktivitetar for born og unge med rom for å vekse i trua.

Velkomen på:

- **Spiren (3-7 år) og Addis (8-13 år)** kl. 17.30-19.00 onsdag i partalsveker
- **Kveldsmøte** i møtesalen på Sygna vgs **kl. 20 kvar torsdag**

Har du spørsmål eller innspel til noko av dette, eller du berre ynskjer ein prat, ta kontakt med kyrkjelydspedag og ungdomsdiakon Magni Åm Risa (466 97 476).

For meir informasjon om ulike trusopplæringstiltak i kyrkjene våre, sjå www.sogndal.kyrkja.no/TOL. Du finn oss og på Facebook: Kyrkja i Sogndal og Trusopplæring – Kyrkja i Sogndal.

Byte av kyrkjetenar i Balestrand

Kyrkjetenar Fisseha W. Andemichael, som har vore kyrkjetenar i Balestrand sidan juli 2017, gjekk av med pensjon ved utgangen av april. George-Catalin Canciu er tilsett som ny kyrkjetenar frå 1. mai.

Kyrkjetenarstillinga i Balestrand er på 25 prosent av full stilling og omfattar alle tre kyrkjene i Balestrand (fire om vi tek med engelskkyrkja St. Olafs). Kyrkjetenaren er ein viktig tilretteleggjar ved alle kyrkjelege tenester, konsertar og arrangement og har også ansvar



Foto: Helge Eilifsen



Foto: Marianne Hoff

for klargjering, opprydding og reinhald.

Fisseha vart takka for vel utført teneste gjennom nesten sju år i gudstenesta i Tjugum kyrkje pinedag 19. mai. Fungerande kyrkjevevjerje Jostein Risa hadde ei helsing frå arbeidsgjevar Sogndal kyrkjelege fellesråd og minna om mange små og store oppgåver som er «usynlege», men som merkast godt om dei ikkje vert gjort. Kjersti Brudvik hadde helsing frå Balestrand sokneråd.

George-Catalin Canciu byrja opplæringa i slutten av april og vart ynskt velkommen i gudstenesta i Sæle kyrkje 5. mai. Han er allerede godt inne i oppgåvene etter ein intensiv periode med mange tenester. Han har vore med på både vigsel i St. Olafs kyrkje, konfirmasjon i Tjugum helgetorsdag, vanleg gudsteneste i Sæle og tre gudstenester i 17.mai- og pinsehelga, inkludert Kvamsøy kyrkje 2. pinedag med rotur til øya på laurdagen for å førebu. George bur for tida på Leikanger, men flyttar til Nornes til sommaren.

BASARKVELD PÅ STEDJETUNET

Tradisjonen tru arrangerer kyrkjelydshytta sitt styre basar på Stedjetunet, onsdag 25. september frå kl. 19.00.

Mange tykkjer det er kjekt med basar, lodd, vinnarlykke, stemninga, maten og praten som er på basarkveldar! Sett gjerne av tid til ein hyggeleg kveld med sosialt preg. Kyrkjelydshytta treng den inntekta dei får frå basarkvelden, då er det kjekt at vi vert mange samla. Ta gjerne kontakt om du ynskjer hjelpe til med loddsal på butikkane i forkant! Sjølve kvelden vert det åresal og lodd i bøker, og innkoma kan gje eit viktig løft til vedlikehaldsarbeid på hytta.

Har du lyst å ta med gevinstar er vi takksame for det!



Foto: Karl Johan Ølnes

MEDARBEIDARFEST I STEDJE KYRKJE ONSDAG 18. SEPTEMBER

Onsdag 18. september vert alle frivillige i kyrkja i Sogndal inviterte til Medarbeidarfest i Stedje kyrkje med inspirerende program. Medarbeidarfesten startar kl. 18.00. Følg med på nettsidene våre og sosiale media for nærare informasjon!



STILLE KVELD I STEDJE KYRKJE

Vel møtt til Stille Kveld frå kl. 19-20 i Stedje kyrkje følgjande onsdagar i haust: 14. aug, 11. sept, 9. okt, 13. nov og 11. des.

SALMEKVELD I STEDJE KYRKJE

Torsdag 12. september kl. 19.30 vert det Salmekveld i Stedje kyrkje. Arild ved orgelet, og Kjell Sæter leier.

KVARDAGSTRU HAUSTEN 2024

På seinhausten og vinteren vert det ein ny serie med kvardagstru i Sogndal. Datoane for hausten er 23. oktober, 6. november, og 4. desember. Alle kveldar frå klokka 19.00-20.30. Følg med på nettsidene våre for nærare informasjon om tema. Velkommen!

Støttespelarane våre:



www.lerum.no



Printfarm

TRYKK DU BLIR GLAD I.

post@printfarm.no www.printfarm.no



Fossetunet 1 | 6856 Sogndal
Tlf: 57 67 65 40 | skjeldestad@kontorspar.no
www.kontorspar.no

alliance*

—
OPTIKK

Sogn Synssenter

Eit variert utval i alle prisklassar av innfatningar, brilleglas, kontaktlinser solbriller, kikkertar og lupar.

Tlf: 57 67 50 50

Lokale til leige



Stedjetunet har lokale til leige til minnesamvær, dåpsselskap, konfirmasjon, bryllup og andre tilstelningar.

For informasjon om prisar, sjå www.stedjetunet.no



ADVOKATFIRMAET
TOLLEFSEN

Parkveien 5, 6856 SOGNDAL • Tlf. 57 62 88 50 • e-post: post@advokat-tollefsen



Optiker

Kjell M. Talleraas

6856 Sogndal • tlf. 57 67 11 10 • optikaren.no

HOLLEKVE SAG
TRE- OG STÅLBYGG

Telefon 90 11 67 83

ncom

OFFENTLEG GODKJENT
REINGJERINGSFIRMA
www.ncomsogn.no



Byggmester

Ingmar Stenehjem

mob. 90 58 10 21 • tlf. 57 67 29 52
www.stenehjembygg.no

AMFI
SOGNINGEN



AMFI Mykje å gle seg til. Alltid.



NORDBOHUS SOGN

www.nordbohus.no/sogn



HOLEN INSTALLASJON AS

SOGNDAL • GAUPNE • LEIKANGER • VIK
www.holen-installasjon.no • Tlf. 57 67 75 00 • post@holen-installasjon.no



Sogn Kontorsenter as vert:

LINDBAK
SOGN OG FJORDANE

Telefon 57 67 66 99



solberg
el-service

Støttespelarane våre:

Sogn
gravferdshjelp

GRAVSTEIN

Me kan hjelpe med skriffornyng, oppretting og rens av gravsteinar, på alle gravplassar i Indre Sogn.

57 68 14 77 • www.sogngravferdshjelp.no • post@sogngravferdshjelp.no

**EILERT & EDVIN
HOLME AS**



Telefon: 57 67 18 85

Opplæring klasse
A1-A-B-BE-T-M146

Trafikalt grunnkurs

E-post:
post@hofslundsengen-trafikkskule.no



**ALT INNAN TØMRAR
OG BETONGARBEID**

KONTAKT OSS FOR TILBOD!



VestlandsHus

VestlandsHus Sogn AS • Tlf 57 67 33 88

**EL-PROFFEN
JOSVANGER**

Din lokale elektrikar

post@josvanger.no 48 08 37 00 www.josvanger.no

RØYRLEGGJAR  

ingmar fimreite as

6856 Sogndal Tlf. 57 67 45 21 • mob. 905 00 331
www.fimreite.as

FS Anlegg as
www.fsanlegg.no

THARASO AS



**SOGN
KJØLESERVICE**

57 67 11 11

sognkulde.no



dyreklinikken
-i Sogndal AS

Man: 18.00 – 20.00
Tys og ons: 08.00 – 11.00
Tor og fre: 09.00 – 12.00

Tlf: 57 67 55 55 / 976 75 555

**DET ER HÅP
I EIN DROPE
VATN**



Nesten 800 millionar menneske lever utan tilgang til reint vatn i dag, på grunn av jordskjelv, tørke, flaum, krig eller konflikt. Støtt fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp og gje vatn til dei som treng det mest!

VIPPS til 2426



KIWI mini pris

KIWI Hermannsverk
08-22 (20)

**TRENG DU
NOKON Å FORTELJE
DET TIL?**

 **KIRKENS
SOS**
22 40 00 40

Dåp

Velkommen til dåp!

Når eit barn blir bore til dåpen, vert vi minna om at ingen kan bera seg sjølv. Gjennom dåpen vert vi del av eit verdsvidt fellesskap, og samstundes ein del av den lokale kyrkja. Vi vert bundne saman med truande til alle tider.

Dåpen er ei markering der barnet har alle sine viktigaste støttespelarar rundt seg, og der Gud lovar å følgje barnet alle dagar.

Les meir og meld inn dåp på www.sogndal.kyrkja.no/Dåp



DEN NORSKE KYRKJA

Sogndal kyrkjelege fellesråd

Ætti i glede og sorg



Sjå sogndal.kyrkja.no for påmelding til dåp eller ta kontakt med kyrkjekontoret om moglege datoar for dåp og vigsel. Telefon 57 67 99 85

DØYPTE

BALESTRAND – TJUGUM

17.03.2024 Ulrik Naustdal Isane

BALESTRAND – SÆLE

21.04.2024 Storm Sande Akse

LEIKANGER

10.03.2024 Sølve Skorpen Hagen

10.03.2024 William Bakken Njø

31.03.2024 Tiril Fossøy

21.04.2024 Ella Wold England

12.05.2024 Hanna Solheim

12.05.2024 Olai Hopperstad Aall

12.05.2024 Steinulf Grønhaug Råsberg

STEDJE

09.03.2024 Olav Hove

10.03.2024 Hedvig Flo

10.03.2024 Lilly Martinussen Alfei

31.03.2024 Elisa Skram

31.03.2024 Elias Hove Uthus

28.04.2024 Johan Ålsberg Fluge

28.04.2024 Ola Nitter Gjerde

28.04.2024 Vilde Olstad

05.05.2024 Håkon Bjelle Nergaard

05.05.2024 Johannes Kjærvik

VIGDE

BALESTRAND- KVIKNES HOTEL

06.04.2024 Inge Råheim og Veronica Margrethe Weiseth

BALESTRAND- ST.OLAFS KYRKJE

27.04.2024 Mats Møller Christensen og Linn Bjarg

01.06.2024 Trym Steinset Torvund og Janet Lynne Knopf (forbønshandling for inngått ekteskap)

FJÆRLAND KYRKJE

01.06.2024 Jens Martin Jørgensen og Tanja Zajc

KAUPANGER STAVKYRKJE

01.06.2024 Christoffer Solheim og Kari Anne Hansen

LEIKANGER KYRKJE

23.03.2024 Vegard Husabø og Christina Schriver Stokholm

SOGNDAL KYRKJEKONTOR

24.05.2024 Øyvind Ness og Katrine Foss Aase

GRAVLAGDE

KAUPANGER

05.04.2024 Kjellaug Strypet f.1933

LEIKANGER

05.03.2024 Torbjørn Strømseng f.1934

05.04.2024 Anita Øvrebø Pettersen (Bisetjing)* f.1971

15.05.2024 Odd Asbjørn Nesse f.1935

19.03.2024 Jon Solheim f.1938

28.05.2024 Reidun Hauge Hamre (Bisetjing) f.1946

* *Bisetjing Namsos, urna sett ned ved ein seremoni på Leikanger kyrkjegard 10.05.2024*

NORUM – ØLMHEIM

25.04.2024 Målfrid Falkgjerdet f.1944

STEDJE

01.03.2024 Astri Tove Haug f.1962

03.05.2024 Marit Osland Skrøppa f.1953

05.04.2024 Barbro Ylvisåker f.1931

08.03.2024 Marny Tønnessen f.1951

09.04.2024 Hjørdis Tjønn Nygard f.1948

10.05.2024 Egil Lærum f.1953

12.04.2024 Bjørn Ness f.1964

16.04.2024 Arne Dahle f.1930

19.04.2024 Audhild Elisabeth Nesbakken f.1960

19.04.2024 Kjell Oddvin Bøthun f.1949

23.02.2024 Trygve Johan Sørheim f.1930

28.05.2024 Maria Johanna Steindal f.1937

30.05.2024 Johannes Nornes f.1944

Velkommen til gudsteneste

Grunna bygging av nytt gravplassbygg på Kaupanger, vert Kaupanger stavkyrkje stengd fram til våren 2025. Gudstenester som høyrer til Kaupanger sokn, vil vere i andre lokale. Følg med på nettsidene våre, sosiale medier og i avisa for informasjon om kvar einskild gudsteneste.

Med atterhald om endringar. Sjå gudstenesteliste i Sogn Avis eller på våre nettsider www.sogndal.kyrkja.no og våre Facebook-sider: Kyrkja i Sogndal

JUNI

23. JUNI

Stedje kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste

Sæle kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste

Leikanger kyrkje kl. 19.00: Kveldsgudsteneste

30. JUNI

Ølmheim kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste

Tjugum kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste. Sokneprest Kjetil

Netland vert takka av

JULI

7. JULI

Stedje kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste

14. JULI

Kaupanger stavkyrkje kl. 11.00: Gudsteneste

Tjugum kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste

21. JULI

Jordal, Fjærland kl. 11.00: Friluftsgudsteneste

28. JULI

Leikanger kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste

Kvamsøy kyrkje kl. 12.00: Olsokgudsteneste.

Båtskyss frå kl.11.00.

Fimreite kl. 15.00: Friluftsgudsteneste

29. JULI – OLSOK

Kaupanger stavkyrkje kl. 19.30: Olsokgudsteneste

AUGUST

4. AUGUST

Stedje kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste med vigsling av Astrid Bondevik til presteteneste

11. AUGUST

Kyrkjelydshytta, Sogndal kl. 11.00: Friluftsgudsteneste

Tjugum kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste

18. AUGUST

Stedje kyrkje kl. 11.00: Skulestartsgudsteneste

Leikanger kyrkje kl. 17.00: Skulestartsgudsteneste

25. AUGUST

Fjærland kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste med konfirmantpresentasjon

Tjugum kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste med konfirmantpresentasjon og utdeling av 6-årsbok.

Kaupanger kl. 11.00: Gudsteneste med konfirmantpresentasjon

Stedje kyrkje kl. 19.30: Kveldsgudsteneste

SEPTEMBER

1. SEPTEMBER

Stedje kyrkje kl 11:00: Gudsteneste i samband med ALIVE-festivalen

Sæle kyrkje kl.11.00: Gudsteneste

Ølmheim kyrkje kl. 17.00: Gudsteneste med konfirmantpresentasjon

Leikanger kyrkje kl. 19.00: Gudsteneste med konfirmantpresentasjon

8. SEPTEMBER

Stedje kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste med konfirmantpresentasjon

Tjugum kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste

Kaupanger kl. 19.30: Kveldsgudsteneste

15. SEPTEMBER

Stedje kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste

Leikanger kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste

22. SEPTEMBER

Tjugum kyrkje kl. 11.00: Hausttakkefest og utdeling av 4-årsbok

Fjærland kyrkje kl. 11.00: Hausttakkefest

29. SEPTEMBER

Stedje kyrkje kl. 11.00: Hausttakkefest

Kaupanger kl. 11.00: Hausttakkefest

Sæle kyrkje kl.11.00: Gudsteneste

Ølmheim kyrkje kl. 17.00: Hausttakkefest

Leikanger kyrkje kl. 17.00: Hausttakkefest

OKTOBER

6. OKTOBER

Stedje kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste

Tjugum kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste

13. OKTOBER

Leikanger kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste

Kaupanger kl. 19.30: Kveldsgudsteneste

20. OKTOBER

Fjærland kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste

Tjugum kyrkje kl.11.00: Gudsteneste

Stedje kyrkje kl. 19.30: Gospelgudsteneste

